
Fra: Stokken Leknes <hegstok@online.no>
Sendt: 30. november 2015 23:31
Til: Postmottak Lindås
Emne: Fløsvika Bustadfelt

Viser til 2.gongs sakshandsaming av Fløsvika Eiendom sin plan for bustadutbygging i Fløsvika.

Eg har lese gjennom saksdokumenta som foreligg, og må få lov å kommentera det som gjeld 195/12.

Det står at underteikna skal ha motteke plan for området, der vegen over min eigedom skulle vere innteikna alt i 2010, medan Sagstad sto som utbyggjar. Dette er heilt feil, og direkte usant.

Eg har til dags dato ikkje motteke eit einaste dokument frå korkje Lindås kommune eller utbyggjar.

Det eg har fått i hende av plan og saksdokument, har vorte skaffa tilveies i februar 2015, då det vart sendt ut nabovarsel til dei andre involverte, men ikke til meg.

I desse papira som eg då fekk tilgong på viser bla. planar datert 2010, 2013 og 2015.

Teikninga frå 2010 visar det same som vart vist på folkemøtet same året.

Her var det ikkje teikna noke inn på korkje mi eller sonen min sin eigedom.

Difor vart det heller ikkje sendt inn merknader til denne plan, då me ikkje hadde nokon innvendingar.

Me har hatt ynskje om å behalde området slik det er, og heller la borneborna avgjera kva dei ynskjer å gjera med området når den tid kjem.

På teikninga frå 2013 er det teikna inn tursti i hagen til son min, og leikeplass, grøntareal og gangveg på mi.

Dette fekk me aldri beskjed om. Hadde me visst at me ville verta tvungen til å gjera endringar til fordel for den planlagte utbygginga, kunne me brukt tida i desse 2 åra til å planleggje overdragelse av eigedomen, frå meg til mine born. Og vurdert korleis me kunne tenkt oss å regulert den.

Kommunikasjon er eit nøkkelord i denne saka, eller rettare sagt, mangel på kommunikasjon. Eg tykkjer det verkar nokså arrogant frå kommunen sin side når dei meiner dette er heilt greit.

Etter mitt syn er det slett ikkje greit. Det er mogleg at kommunen ikkje har krav på seg til å informera om planendringar, men det bør i det minste vera eit krav til utbyggjar om å informera involverte naboar.

Det einaste eg har motteke er eit skriv frå Sagstad om å få leggja vasstrasseen til Midtgårdfeltet frå kum på min eigedom. Vi vart då einige om at leidningen skulle legjast i den eksisterande traseen. Dette vart likevel ikkje gjort.

Sagstad flytta traseen lenger opp, og øydela ein del grøfter som vi måtte ordna til att sjølv. Vassleidningen kom også alt for ner 195/12, som ellers er ein fin hustomt, men som dermed vart noko mindre i om med at ein ikkje kan byggje ner røytraseen.

Ole Magnus Leknes